

## **Avlsplan for dalasau 2024-2023**

Styret har fått ein god del tilbakemeldingar på kva me må leggja størst vekt på for å sikra at medlemmane vil fortsetje med dalasau. Det er ein gjengangar at lamma ikkje veks slik som dei gjorde før, dei er mindre kjøttsette og dei har for grov ull (meir en 60% kjem i C2 klasse). Det er og kome innspel på at ein meiner dømninga på vaksne dyr er vorte for mild, og må verte strengare og meir presis for å sikra betre ull og slakteskrottar. Styret har difor utarbeidd ein eigen avlsplan for å synleggjere og spisse dei viktigaste avlsmessige tiltaka som ein meiner er nødvendige for å ta vare på den fine dalasauen.

Avlsplanen skal være styrande dokument for avlsarbeidet på alle nivå i organisasjonen.

## **Avlsplan for dalasau 2024-2034**

### **Hovudmål:**

Å avle fram dalasau som hevdar seg økonomisk i høve til andre rasar.

### **Delmål:**

Dalasauen bør:

- Produsere to slaktemogne lam ved slutten av beitesesongen
- Gje slaktelam i klasse R
- Gje stor ullmengd i klasse C1
- Ha god helse og vera haldbar
- Ha det rasepreget som er definert i rasestandarden

### **Tiltak:**

#### Saukontroll

For å kunne velje ut dei beste avlsdyra bør sauhaldarane vera med i sauekontrollen. Gjennom deltaking i sauekontrollen vil ein til ei kvar tid ha data for tilvekst, slaktekvalitet, ull på slaktelam, slektskap mellom dyra mm.

#### Semin

I ein liten populasjon er bruk av semin naudsynt for å oppnå avlsframgang og hindre innavl. Talet på seminvêrar må aukast frå nivået i dag.

#### Regelverk

Vilkår og regelverk må gjere det mogeleg med flytting av småfe over regionale grenser for å kunne verne om og utvikle rasen, og raselaget må ha kompetanse på dette området for å kunne delta konstruktivt i debatt og kunne bistå medlemmane i søknadsprosessar.

#### Kåring av vêrlam

Det bør stillast fleire vêrlam til offentleg kåring, slik at kvaliteten på dei kåralama som får komma inn i avl vert betre. Dei vêrlamma som skal være avlsdyr for sal og semin bør kårast offentleg.

## **Raselaget for dalasau**

Avlsplan 2024-2034

rev. 100324

### Ullanalysar

Ullmengd og –kvalitet er ein viktig eigenskap ved dalasauen. Det bør bli tatt ullanalysar av alle kåra vêrlam, og ulla av dei vaksne avlsvêrane må få ei spesielt nøye vurdering.

### Dømming av eksteriør/rasepreg

Rasestandarden fastset krav til kroppsbygnad, bein, vekt, ull, farge mm. Dei eigenskapane som utgjer mest for økonomi og bruk bør vera høgast prioritert, og dømminga kan gjerne bli strengare.

### Påsett

Ein må avle på dei sauene som både får to lam, og som kjem heim med to slaktemodne lam frå heia/fjellet i slutten av september. Avlsdyra skal velgast mellom dei som har gode føresetnader for å verte gode mjølkesauer, fungere godt på fjell/utmarksbeite og har mykje og fin ull. Her kan ein gå ilag med nabo/dommar for å få hjelp til utvalet. Aktiv bruk av sauekontrollen for samanlikning, avdrått og avvik er god hjelp. Dette gjeld og for kåringskandidatar.